

Kaffistovedrift

Dølaheimane – Geilo og Ål 1921 – 1968

Den fyrste kaffistova til Hallingdal fylkeslag vart opna 1921 i 2.høgda hjå A. E. Grøvo på Geilo.. Fram til i slutten av 1920 åra driven av systrene Guri, store og vesle Margit Fossgard. "Godt gjort på ein liten stad som Geilo," uttalte Ola Perstølen den gong. Med privat drift var kaffistova i gang til 1943.

Ihuga folk hadde arbeidd for ei kaffistove på Ål. 23. mars 1932 kunne "Dølaheimen" opne i den nye tingstugu. Den dugande styrarinna Sissel Breie eigde ¼ del i lagsbruket. I april 1940 overtok Halldis Breie. Okkupasjonen gav vanskelege driftsforhold. Etter at ungdomslaga hadde meldt seg ut av det NS-overtekne Noregs ungdomslag, sa i 1943 det nyutnemnde kommunestyret på Ål opp leigeavtala. I desember 1944 var det kroken på døra for det andre forsøket etter 12 års drift..

I 1953 var ein ny generasjon lagsfolk vald inn i Fylkeslagets styre. Dei tok opp att tanken om kaffistove, og arbeidde snøgt. I 1954 kunne smilande Anna J. Myro i nystrøken kvardagsbunad ynskje velkommen til "Dølaheimen" Geilo i "Sportskafeens" tidlegare lokaler. Med velvilje frå Trygve Tragethon hadde kaféstyret, der Sverre G. Åker var leiar, med enkle midlar og små kostnader innreidd ei triveleg kaffistove. Styret i fylkeslaget var med rette glade over å kunne synleggjere samskipnaden på denne måten.

"Dølaheimen" vart snart ein møtestad for medlemer og bygdefolk på Geilo. Frå fyrste stund tok ein til med middagsservering attåt vanleg kafémat. Sjølv om lokalet var lite, kjende lagsfolk lagsbruket som "sitt". Ein stad å vera.

Drifta på "Dølaheimen" på Geilo hadde gitt meirsmak. Styret i fylkeslaget såg seg nå om etter høvelege lokal på Ål. Løysinga kom då samvirkelaget på Ål skulle bygge nytt. I 2. høgda ville det bli plass til ein ny "Dølaheimen". Her fekk fylkeslaget leige eit stort kafelokale og eit siderom som vart innreitt til ei koseleg peisestove for mindre samkomer.

Olav Austigard, journalist i Hallingdølen, tok på seg å leie kafénemda. Med pipa i munnen gjekk han laus på oppgåva med usliteleg pågangsmot. Om han nokon sinne tok seg tid til å kveike på tobakken, kan vi ikkje minnast. Kafelokalet vart utstyrt med det nyaste i sjølvbetjening, ein varme- og sjølvbetjeningsdisk til 20.000. Dyktige Birgit Brattåker og hennar stab sydde gardiner. Det kom dukar på borda. Frå glasa kunne kafégjestane følgje med i trafikken på Sundre. Banksjef Hole i Ål sparebank hadde sett med velvilje på tiltaket og gjeve kr. 20.000.- i lån.. 10 lagsmedlemer kausjonerte for beløpet. Dei tapte ikkje pengane sine.

"Dølaheimen" på Ål vart straks ein populær møtestad då den opna i 1958. Dyktige medarbeidarar sørget for trivsel, og omsetnaden steig. Ikkje rart ungdomslaga i Hallingdal var byrge av dei to kaffistovene sine.

Det gjekk bra fram til 1968. Då fekk Dølaheimen Geilo tevling av ein nyetablert kafé i det nye bankbygget til Hol Sparebank. Samstundes sa Tragethon opp leigeavtale på grunn av nybygg. Ein såg ikkje annan utveg enn å legge ned drifta og selja innbuett.

Styrarinner i denne tida utanom Anna Myro har vore Kari Sataøen, Kari Vindegg og Birgit Berg.. Dølaheimen Ål hadde i likskap med Geilo levd på lånt tid. Samvirkelaget ynskte å nytte lokala sjølv Etter styrarinneskiftet hadde driften av Dølaheimen, Ål gått dårlegare. Det oppstod betalingsvanskar. Ein såg seg nøydd til å avvikle.

Avviklingsstyret med Gudbrand E. Persmoen som formann måtte konstatere at Dølaheimen var konkurs. Varer og utstyr vart seld, til dels på auksjon. Einskilde fordringshavar fekk dekt berre 30% av krava.

Likevel er det all grunn til å takke dei som sto på for at "Dølaheimane" i Hallingdal var å finne i lista over kaffistover drivne av den frilynde ungdomsrørsla rundt om i landet.

I ettertid ser ein at det er vanskeleg å sikre gode driftsresultat for ein organisasjon. Kan hende var ein for blåøygd. Om dugnadsånda var stor, hadde fylkeslaget stått seg på å leige bort drifta til folk som ville drive kaffistover for eigen rekning. Ein annan måtte vore å leige ut namnet "Dølaheimen" til ein seriøs drivar og hatt eit årleg utkomme.

Vår honnør går til Flå u.l og Samhald u.l. Geilo som lånte pengar til tiltaket. Med Henrik Ibsen kan ein vel seiå:

"Ewig eies kun det tabte"

Lagsfolk hadde satsa djervt, sterkt og ueigennytig. Minner er enno levande om den sterke innsatsen i lagsarbeidet etter den andre verdskrigen. Avviklinga av kafedrift må sjåast i den generelle nedgangsperiode for lagsdrift som kom i 1960 åra. Ein ny generasjon måtte tevla med TV apparatet som flytta kvardagen inn i stovene til folk.

Likevel greidde dei fleste ungdomslaga seg godt for ei tid. Nedgangen kom for alvor med dei kommunalt drivne ungdomsklubbane, som kunne drive med kommunal stønad og leigd hjelp. Idegrunnlaget og samarbeidsånden som ungdomslaga møysommeleg hadde bygd opp stod for fall. Ein kunne kan hende venta at politikarar som hadde fått si første opplæring i leiing og møtestyring i ungdomslaga, hadde sett verdet av det frilynde lagsarbeidet.

Nye tider og nye politikarane har ikkje verdsett dugnadsarbeid og den samarbeidsånden det skapar. Det synes som vi er på veg inn i eit A4 samfunn, der alt kan regulerast. Så opplever vi at gleda blir døyvd. Vi har fått ein rastlaus ungdom som manglar utfordringar.

Dugnadsånda har aldri stoppa heilt opp. Der pengeløyvingar har mangla, har lokale krefter måttå trådt til. Endå til i "eit av verdas rikaste land"

Pendelen kan snu. Det burde vera plass for ein organisasjon, som på fritt og prestisjefritt grunnlag, kan vera med på å løyse saker av sams interesse. Og ikkje minst lære at ikkje alt dreier seg om pengar, men om medmenneskekunst.

*" - - Og kvar man visste i same ande,
at no var det kome ufred til landet - - "*

"I hine hårde dage" Torpomoen 125 år – 1834 - 1959

*Gamalt er folket, men umoge ungt er riket.
Flagget og far er nær jamgamle brør.
Vanmakt og fåkunne var det som heller enn sviket
gjorde at fridomen ikkje gjesta oss før,*

Øystein Kåsets manande ord innleidde festspelet "*I hine hårde dage*". Feiringa av Torpomoens 125 års jubileum som offentleg ekserserstlass var i gang.

26. september 1959 kunne arrangørane Hallingdal Fylkeslag og Heimevernskulen by publikum eit storveges historisk festspel. Det store sirkusteltet som var reist, kunne minne om det som sto der i 1834. Det var plass til 2-3000 personar. Uvanleg varmt haustvær gjorde at publikum strøymde til det som i avisene vart kalla "Hallingdal største festspel". Etter heile 5 framsyningar hadde bortimot 10.000 vaksne og skoleborn, inna- og utafor Hallingdal sett "*I hine hårde dage*".